

Vestlandsrådet

PROTOKOLL

Utvalg: VESTLANDSRÅDET
Møtenr: 1/19
Møtedato: 15.02.2019 kl 10.00 – 14.00
Møtested: Scandic Airport Hotel Sola

Deltakrar:

Vestlandsrådets medlemmer:

Rogaland fylkeskommune

Solveig Ege Tengesdal (Krf) – fylkesordfører/leiar
Marianne Chesak (A) – fylkesvaraordfører

Arne Bergsvåg (Sp)
Janne Johnsen (H)
Pål Morten Borgli (Frp)

Hordaland fylkeskommune

Anne Gine Hestetun (A) – fylkesordfører
Pål Kårbø (Krf) – fylkesvaraordfører
Benthe Bondhus (Sp)
Silja Ekeland Bjørkly (H)
Terje Søviknes (Frp)

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Jenny Følling (Sp) – fylkesordfører
Åshild Kjelsnes (A) – fylkesvaraordfører
Noralv Distad (H)
Trude Brosvik (Krf)
Jakob Andre Sandal (Sv)

Møre og Romsdal fylkeskommune

Jon Aasen (A) – fylkesordfører
Gunn Berit Gjerde (V) – fylkesvaraordfører
Jan Ove Tryggestad (Sp)

Forfall

x
x

x
x
x
x

x
x

x
x
x

Møtande vara

Sofie Margrethe
Selvikvåg
Ingen

Roald Kvamme

Sara Hamre Sekkingstad
Ingen
Sigbjørn Framnes

Sigurd Erlend Reksnes

Marita Gunn Aarvik

Tove-Lise Torve
Iver Nordseth
Ingen

Charles Tøsse (H)		
Frank Sve (Frp)	x	Ingen
Inviterte til fast deltaking i Vestlandsrådet sine møte:		
Harald Schjelderup (A) – byrådsleiar, Bergen	x	Ingen
Christine Sagen Helgø (H) – ordførar, Stavanger	x	Ingen

I tillegg møtte følgjande frå fylkeskommunane:

- Inge Smith Dokken Fylkesrådmann i Rogaland
- Tore Eriksen Fylkesrådmann i Sogn og Fjordane
- Arne Hope sekretariatsleiar, Rogaland
- Birgitte Aarønes Møre og Romsdal
- Robert Løvvik Møre og Romsdal
- Johanne Sognefest-Haaland Hordaland
- Håkon Schwalb Rogaland
- Randi Klæbo Rogaland
- Thorsten Götterup Rogaland
- Elisabeth Faret Rogaland
- Christian Herheim Rogaland

Foredrag og orienteringar

Johanne Sognefest-Haaland -Nøkkeltal 2018

SAKLISTE

Møtesaksnr.	Arkivsaksnr. Tittel	Resultat
VR-sak 1/19	19/2009 REKNESKAP 2018	
VR-sak 2/19	19/2012 ÅRSMELDING 2018	
VR-sak 3/19	19/2013 BUDSJETT 2019	
VR-sak 4/19	19/2014 VESTLANDSRÅDET OG FRAMTIDA	
VR-sak 5/19	19/2534 MARIN FORSØPLING	
VR-sak 6/19	19/2940 STRATEGIPLAN FOR HYDROGEN PÅ VESTLANDET	
VR-sak 7/19	19/3177 RAPPORT FRÅ INTERNASJONALT ARBEID	
VR-sak 8/19	19/2425 HANDLINGSPLAN FOR VESTLANDET SITT ARBEID I NORDSJØKOMMISJONEN	
VR-sak 9/19	19/2421 MOGLEGE KONSEKVENSAER FOR VESTLANDET AV "HARD BREXIT"	
VR-sak 10/19	19/2947 TRAVEL LIKE THE LOCALS - STATUSRAPPORT	
VR-sak 11/19	19/3098 ORIENTERING OM NORA	
VR-sak 12/19	19/3953 VESTMARIN - ÅRSRAPPORT FOR 2018 OG HANDLINGSPROGRAM FOR 2019	
VR-sak 13/19	19/4447 FN SINE BEREKRAFTMÅL - STATUS I VESTLANDSFYLKA	

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

**Sak: VR-1/19
REKNESKAP 2018**

Framlegg til vedtak:

I samsvar med vedtak.

Votering:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Vestlandsrådet godkjenner rekneskapen for 2018.

**Sak: VR-2/19
ÅRSMELDING 2018**

Framlegg til vedtak:

I samsvar med vedtak.

Votering:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Vestlandsrådet tek årsmeldinga for 2018 til orientering.

**Sak: VR-3/19
BUDSJETT 2019**

Framlegg til vedtak:

Budsjettet for 2019 vert vedteke slik det ligg føre.

Løyvingar til tiltak og prosjekt i 2019 vert handsama i samband med dei einskilde sakene.

Det vart protokollert:

Fylkesrådmannen foreslo følgjande korrigeringar i budsjettet:
Sekretariat for Vestlandsrådet 2019 (løn, reiseutgifter etc): 1 000 000

Maks til rådvelde, andre prosjekt og satsingsområde: 1 898 000

Votering:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Budsjettet for 2019 vert vedteke med fylkesrådmannen sine endringar.

Løyvingar til tiltak og prosjekt i 2019 vert handsama i samband med dei einskilde sakene.

Sak: VR-4/19 VESTLANDSRÅDET OG FRAMTIDA

Framlegg til vedtak:

- 1 Vestlandsrådet skal halde fram som felles organ for dagens fire fylkeskommunar, og frå 1.1.2020 for regionane Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal.
- 2 Vestlandsrådet prioriterer følgande saksområder som serleg viktige for samarbeidet framover:
 - Samferdsel
 - Marin forsøpling
 - Cruise og Reiseliv (Scenarioprojektet)
 - Internasjonale engasjement som underbygger punkta ovanfor
- 3 Årleg budsjett for Vestlandsrådet skal vere minimum 2 mill.kr. fordelt slik:
 - 2019: ½ mill. kr. på kvar fylkeskommune
 - Frå 2020:Regionen Vestland: 1 mill.kr.
 - Regionen Rogaland: ½ mill.kr.
 - Regionen Møre og Romsdal: ½ mill.kr.
- 4 Regionen Vestland blir representert med 7 representantar i Vestlandsrådet frå 1.1.2020.
- 5 Styringsdokumenta for Vestlandsrådet skal gjennomgå i løpet av første halvår 2019. Dette inneber også at administrative ordningar knytta til Vestlandsrådet blir gjennomgått. Rogaland fylkeskommune, som leier Vestlandsrådet i 2019, bes legge opp prosessar for dette, og legge fram sak i junimøtet.

Det vart protokollert:

Trude Brosvik foreslo at pkt 2 fekk følgjande kulepunkt i tillegg:

- Infrastruktur
- Kultur og identitet på område som er viktige i eit vestlandsperspektiv. (AU jobber vidare med dette.)

Paal Kårbø stilte følgjande endringsforslag til pkt 3 og 4:

Rogaland fylkeskommune vert også beden om å leggja fram ein modell for representasjon og økonomisk medverknad.

Votering:

Framlegg til vedtak med tillegg frå Brosvik og Kårbø vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

- 1 Vestlandsrådet skal halde fram som felles organ for dagens fire fylkeskommunar, og frå 1.1.2020 for regionane Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal.
- 2 Vestlandsrådet prioriterer følgjande saksområder som serleg viktige for samarbeidet framover:
 - Samferdsel
 - Marin forsøpling
 - Cruise og Reiseliv (Scenarioprojektet)
 - Internasjonale engasjement som underbygger punkta ovanfor
 - Infrastruktur
 - Kultur og identitet (AU jobber vidare med dette)
- 3 Rogaland fylkeskommune vert også beden om å leggja fram ein modell for representasjon og økonomisk medverknad.
- 4 Styringsdokumenta for Vestlandsrådet skal gjennomgås i løpet av første halvår 2019. Dette inneber også at administrative ordningar knytta til Vestlandsrådet blir gjennomgått. Rogaland fylkeskommune, som leier Vestlandsrådet i 2019, bes legge opp prosessar for dette, og legge fram sak i junimøtet.

**Sak: VR-5/19
MARIN FORSØPLING**

Framlegg til vedtak:

1. Vestlandsrådet godkjenner Årsrapport og handlingsplan frå prosjektet "Tiltak mot marin forsøpling".
2. Vestlandsrådet løyver 600 000 kroner til vidareføring av stillingsressurs til prosjektleiar i 100 prosent stilling ut 2019.
3. Prosjektleiar får ansvar for å utarbeide ein plaststrategi for alle dei fire fylkeskommunane på Vestlandet.

Det vart protokollert:

Åshild Kjelsnes stilte følgjande tilleggsframlegg (nytt pkt 4):
Viser til tidlegare vedtak vedr problematikken med marin forsøpling og ber om at desse vedtaka om god kontakt mellom Vestlandsrådets prosjektgruppe og representantar fra vestlandsfylka i Nordsjøkommisjonen og CPMR vert gjennomført.

Votering:

Framlegg til vedtak med tillegget frå Kjelsnes vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Vestlandsrådet godkjenner Årsrapport og handlingsplan frå prosjektet "Tiltak mot marin forsøpling".
2. Vestlandsrådet løyver 600 000 kroner til vidareføring av stillingsressurs til prosjektleiar i 100 prosent stilling ut 2019.
3. Prosjektleiar får ansvar for å utarbeide ein plaststrategi for alle dei fire fylkeskommunane på Vestlandet.
4. Viser til tidlegare vedtak vedr problematikken med marin forsøpling og ber om at desse vedtaka om god kontakt mellom Vestlandsrådets prosjektgruppe og representantar fra vestlandsfylka i Nordsjøkommisjonen og CPMR vert gjennomført.

**Sak: VR-6/19
STRATEGIPLAN FOR HYDROGEN PÅ VESTLANDET**

Framlegg til vedtak:

I samsvar med vedtak.

Votering:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

- Vestlandsrådet vedtek hydrogenstrategien for 2019-2020
- Vestlandsrådet løyver 400 000 NOK til arbeidet i 2019, og tilrår at fylkeskommunane løyver 100 000 NOK kvar frå eigne budsjett
- Arbeidsgruppa kjem tilbake med ein framdriftsrapport og framlegg til ny løyving for 2020

Sak: VR-7/19
RAPPORT FRÅ INTERNASJONALT ARBEID

Framlegg til vedtak:

I samsvar med vedtak.

Votering:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Vestlandsrådet tek rapporten til orientering.

Sak: VR-8/19
HANDLINGSPLAN FOR VESTLANDET SITT ARBEID I
NORDSJØKOMMISJONEN

Framlegg til vedtak:

I samsvar med vedtak.

Votering:

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Vestlandsrådet godkjenner handlingsplanen for Vestlandsrådet sitt arbeid i Nordsjøkommisjonen i 2019 slik den er lagt fram.

Sak: VR-9/19
MOGLEGE KONSEKVENSAER FOR VESTLANDET AV "HARD BREXIT"

Framlegg til vedtak:

I samsvar med vedtak.

Votering:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Vestlandsrådet tek saka til orientering og bed sekretariatet om å følgja situasjonen tett.

Sak: VR-10/19
TRAVEL LIKE THE LOCALS - STATUSRAPPORT

Framlegg til vedtak:

I samsvar med vedtak.

Votering:

Framlegg til vedtak vart enstemmig vedteke.

Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Sak: VR-11/19
ORIENTERING OM NORA

Framlegg til vedtak:

I samsvar med vedtak.

Votering:

Framlegg til vedtak vart enstemmig vedteke.

Vedtak:

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Sak: VR-12/19
VESTMARIN - ÅRSRAPPORT FOR 2018 OG HANDLINGSPROGRAM
FOR 2019

Framlegg til vedtak:

I samsvar med vedtak.

Votering:

Framlegg til vedtak vart enstemmig vedteke.

Vedtak:

Vestlandsrådet tek Årsrapport 2018 og handlingsprogram 2019 frå Vestlandssamarbeidet – marin satsing til orientering.

Sak: VR-13/19
FN SINE BEREKRAFTMÅL - STATUS I VESTLANDSFYLKA

Framlegg til vedtak:

Vestlandsrådet ber om at det blir utarbeida oppdragsbeskriving for ein berekraftsrapport etter mønster av Buskerud sin, som vert å leggja fram for Vestlandsrådet til godkjenning

Det vart protokollert:

Leiar *Solveig Ege Tengesdal* stilte følgjande framlegg:

Vestlandsrådet tek saka til orientering, og er samde om at dette vert handsama i kvar einiskild fylkeskommune.

Votering:

Framlegg til vedtak fekk 0 stemmer og falt.
Tengesdal sitt framlegg vart deretter samrøystes vedteke.

Vedtak:

Vestlandsrådet tek saka til orientering, og er samde om at dette vert handsama i kvar einiskild fylkeskommune.

Solveig Ege Tengesdal
Leder